

Utval: Hovudutval for opplæring og kompetanse

Møtestad: 4.etg. Nordhordland, Fylkeshuset i Bergen, Agnes Mowinckelsgt. 5, Bergen

Dato: 28.11.2019

Tidspunkt: 11:00-15:50

Følgjande faste medlemer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Karianne Torvanger	Leiar	A
Åsmund Berthelsen	Nestleiar	SV
Emil Gadolin	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A
Nina Bognøy	Medlem	A
Sigurd Reksnes	Medlem	Sp
Sonja Merethe Øvre-Flo	Medlem	H
John Andre Kongsvik	Medlem	H
Rosalind Fosse	Medlem	Frp
Nils Haugland	Medlem	FNB
Kristina Vakt skjold Hamre	Medlem	KrF
Jeanette Syversen	Medlem	R
Alexander Fosse Andersen	Medlem	Sp

Følgjande medlemer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Pauline Tomren	Medlem	MDG
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H

Følgjande varamedlemer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Mariell Eikeset Koren	Pauline Tomren	MDG
Petter Haraldsen Haugland	Svein Halleraker	H

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Bjørn Lyngedal	Påtroppande fylkesdirektør opplæring
Bekka Skaasheim	Påtroppande assisterande fylkesdirektør opplæring
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør, Hordaland
Birthe Andersen Haugen	Påtroppande seksjonsleiar fellestenester, opplæringsavdelinga
Linda Farestveit	Påtroppande seksjonsleiar skule, opplæringsavdelinga
Susan Husabø	Seniorrådgjevar, opplæringsavdelinga, Sogn og Fjordane
Tor Ivar Sagen Sandvik	Seniorrådgjevar, opplæringsavdelinga, Hordaland
Øivind Høines	Påtroppande seksjonsleiar, inntak, forvaltning og sluttvurdering
Nina Ludvigsen	Påtroppande seksjonsleiar, opplæringsavdelinga
Berit Roksvåg	Seniorrådgjevar, opplæringsavdelinga, Hordaland
Kent Rune Teigen Måren	Seniorrådgjevar, opplæringsavdelinga, Hordaland
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær

Sakliste	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
Utvals-saknr			
	Godkjenningssaker		
GK 3/19	Godkjenning innkalling og sakliste		
	Politiske saker		
PS 6/19	Godkjenning av møteprotokoll frå møte den 12.11.2019	2019/130	
PS 7/19	Fagtilbod, rom- og funksjonsprogram Stord vgs, avd. Vabakkjen	2019/50	
PS 8/19	Endra selskapsavtale for Vigo IKS	2019/83	
PS 9/19	Rom- og funksjonsprogram for Fagskolen i Hordaland og Rom- og funksjonsprogram for Laksevåg og Bergen Maritime vidaregåande skule	2019/31	
PS 10/19	Fritt skuleval - høyring om forslag til endringar i forskrift til opplæringslova kapittel 6	2019/124	

Godkjenningssaker

GK 3/19 Godkjenning innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 28.11.2019

Vedtak

Møteinnkallinga og saklista vart godkjent utan merknader.

Orienteringar

- Investeringsbudsjettet og prosjekt i sektoren v/Eigedomsdirektør Jostein Fjærestad.
- Årets gang i inntaksarbeidet v/seksjonsleiar Øivind Høines.
- Orientering om opplæringstilbodet v/Tor Ivar Sandvik Sagen og Susan Husabø, seniorrådgjevarar.
- Mål og strategiarbeid i opplæringssektoren v/fylkesdirektør Bjørn Lyngedal.

Politiske saker

PS 6/19 Godkjenning av møteprotokoll frå møte den 12.11.2019

Forslag til vedtak

Møteprotokoll frå møte i hovudutval for opplæring og kompetanse den 12.11.2019 vart godkjent utan merknader.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 28.11.2019

Ved ein beklageleg feil fekk Alexander Fosse Andersen, på s. 1, «følgjande medlemmer møtte» tittelen «nesteleiar» i protokollen frå førre møte. Det er Åsmund Berthelsen som er nesteleiar i hovudutval for opplæring og kompetanse. Alexander Fosse Andersen var nesteleiar i utval for opplæring og helse, Hordaland.

Vedtak

Møteprotokoll frå førre møte vart godkjent med merknaden ovanfor.

PS 7/19 Fagtilbod, rom- og funksjonsprogram Stord vgs, avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek følgjande fagtilbod for Stord vidaregåande skule, avd. Vabakkjen, og Bømlo vidaregåande skule

Stord vidaregåande skule, avd. Vabakkjen:

Utdanningsprogram	Programområde	Tal elevar	Tal klassar
Bygg- og anleggsteknikk (BA)	Vg1	30	2
	Vg2 Tømrar	15	1
	Vg2 Betong og mur	15	1
	Sum utdanningsprogram	60	4
Elektrofag (EL)	Vg1	30	2
	Vg2 Elenergi og ekom	15	1
	Vg2 Automatisering	15	1
	Vg3 Automatisering	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Sal, service og reiseliv (SS)	Vg1	30	2
	Vg2 Sal og reiseliv	15	1
	Sum utdanningsprogram	45	3
Helse- og oppvekstfag (HO)	Vg1	45	3
	Vg2 Barne- og undomsarbeidarfag	15	1
	Vg2 Helsearbeidarfag	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)	Vg1	30	2
	Vg2 Informasjonsteknologi	15	1
	Vg2 Medieproduksjon	15	1
	Sum utdanningsprogram	60	4
Teknikk- og industriell produksjon (TIP)	Vg1	45	3
	Vg2 industriteknologi	15	1
	Vg2 kjøretøy	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Innføringsklassar	Innføringsklassar for min.sprk.	35	2
	Sum	35	2
Særskilt tilrettelagt opplæring (STO)	HT BA og TIP	20	2
	Arbeidslivstrening (HTA)	30	3
	Sum	50	5
Sum Vabakkjen		475	33

Bømlo vidaregåande skule:

Utdanningsprogram	Programområde	Tal elevar	Tal klassar
Studiespesialisering (ST)	Vg1	60	2
	Vg2	60	2
	Vg3	60	2
	Sum utdanningsprogram	180	6
Helse- og oppvekstfag (HO)	Vg1	30	2
	Vg2 Helsefagarbeidar	15	1
	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidar	15	1
	Sum utdanningsprogram	60	4
Teknikk og industriell produksjon (TIP)	Vg1	30	2
	Vg2 Industriteknologi	15	1
	Vg2 Maritime fag	30	2

	Sum utdanningsprogram	75	5
Elektrofag (EL)	Vg1	30	2
	Vg2 Elenergi og ekom	15	1
	Vg2 Automatisering	15	1
	Vg3 Automatisering	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Naturbruk (NA)	Vg1	15	1
	Vg2 Akvakultur	15	1
	Sum utdanningsprogram	30	2
Sum Bømlo vgs		420	22

- Fylkestinget vedtek framlagd rom- og funksjonsprogram med dei endringane som ligg i fagtilboda for Stord vgs, avd. Vabakkjen, og Bømlo vgs
- Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga prioriterast i investeringsprogrammet i økonomiplanen.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 28.11.2019

Alexander Fosse Andersen, SP, sette fram slikt endringsforslag på vegner av SP, AP, SV, MDG og KrF:

- «Fagtilboda for Stord vgs, avd. Vabakkjen og Bømlo vidaregåande skule vert vedtekne slik det går fram av saka med unnatak av helse- og oppvekstfag (HO) og TO.
- Fram mot handsaming i Fylkesutvalet og Fylkestinget må administrasjonen leggje fram eit notat som gjer greie for elevtal ved HO-tilboda i Region Sunnhordland skuleåret 2019/2020, dimensjonering for HO i gjeldande skulebruksplan for Region Sunnhordland, søkjartala til HO i Sunnhordland dei siste tre skuleåra, framtidig trong for arbeidskraft innan HO og kapasitet ved dei skulane i regionen som tilbyr HO i dag til ei eventuell auke av elevplassar på HO. Administrasjonen må og utgreie konsekvensen av å behalde TO-tilbodet på Bømlo vgs som i dag.»

Rosalind Fosse, FrP, sette fram slikt tilleggforslag:

«Tilleggspunkt:

Hovedutvalg for opplæring og kompetanse understreker at dette vedtaket ikke betyr endring for akvakulturtilbudet på Austevoll vgs.»

Avrøysting

Alexander Fosse Andersen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Prosjektleiaren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Rosalind Fosse sitt forslag fekk fem røyster (1 FrP, 3 H og 1 R) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

- Fylkestinget vedtek følgjande fagtilbod for Stord vidaregåande skule, avd. Vabakkjen, og Bømlo vidaregåande skule med unnatak av helse- og oppvekstfag (HO) og TO.

Stord vidaregåande skule, avd. Vabakkjen:

Utdanningsprogram	Programområde	Tal elevar	Tal klassar
Bygg- og anleggsteknikk (BA)	Vg1	30	2
	Vg2 Tømrar	15	1
	Vg2 Betong og mur	15	1
	Sum utdanningsprogram	60	4
Elektrofag (EL)	Vg1	30	2
	Vg2 Elenergi og ekom	15	1
	Vg2 Automatisering	15	1
	Vg3 Automatisering	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5

Sal, service og reiseliv (SS)	Vg1	30	2
	Vg2 Sal og reiseliv	15	1
	Sum utdanningsprogram	45	3
Utdanningsprogram, forts	Programområde	Tal elever	Tal klassar
Helse- og oppvekstfag (HO)	Vg1	45	3
	Vg2 Barne- og undomsarbeidarfag	15	1
	Vg2 Helsearbeidarfag	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Informasjonsteknologi og medieproduksjon (IM)	Vg1	30	2
	Vg2 Informasjonsteknologi	15	1
	Vg2 Medieproduksjon	15	1
	Sum utdanningsprogram	60	4
Teknikk- og industriell produksjon (TIP)	Vg1	45	3
	Vg2 industriteknologi	15	1
	Vg2 kjøretøy	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Innføringsklassar	Innføringsklassar for min.sprk.	35	2
	Sum	35	2
Særskilt tilrettelagt opplæring (STO)	HT BA og TIP	20	2
	Arbeidslivstrening (HTA)	30	3
	Sum	50	5
Sum Vabakkjen		475	33

Bømlo vidaregåande skule:

Utdanningsprogram	Programområde	Tal elever	Tal klassar
Studiespesialisering (ST)	Vg1	60	2
	Vg2	60	2
	Vg3	60	2
	Sum utdanningsprogram	180	6
Helse- og oppvekstfag (HO)	Vg1	30	2
	Vg2 Helsefagarbeidar	15	1
	Vg2 Barne- og ungdomsarbeidar	15	1
	Sum utdanningsprogram	60	4
Teknikk og industriell produksjon (TIP)	Vg1	30	2
	Vg2 Industriteknologi	15	1
	Vg2 Maritime fag	30	2
	Sum utdanningsprogram	75	5
Utdanningsprogram, forts	Programområde	Tal elever	Tal klassar
Elektrofag (EL)	Vg1	30	2
	Vg2 Elenergi og ekom	15	1
	Vg2 Automatisering	15	1
	Vg3 Automatisering	15	1
	Sum utdanningsprogram	75	5
Naturbruk (NA)	Vg1	15	1
	Vg2 Akvakultur	15	1
	Sum utdanningsprogram	30	2
Sum Bømlo vgs		420	22

- Fylkestinget vedtek framlagd rom- og funksjonsprogram med dei endringane som ligg i fagtilboda for Stord vgs, avd. Vabakkjen, og Bømlo vgs
- Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga prioriterast i investeringsprogrammet i økonomiplanen.
- Fram mot handsaming i Fylkesutvalet og Fylkestinget må administrasjonen leggje fram eit notat som gjer greie for elevtal ved HO-tilboda i Region Sunnhordland skuleåret 2019/2020, dimensjonering for HO i gjeldande skulebruksplan for Region Sunnhordland, søkjartala til HO i Sunnhordland dei siste tre skuleåra, framtidig trong for arbeidskraft innan HO og kapasitet ved dei skulane i regionen som tilbyr HO i

dag til ei eventuell auke av elevplassar på HO. Administrasjonen må og utgreie konsekvensen av å behalde TO-tilbodet på Bømlo vgs som i dag.

PS 8/19 Endra selskapsavtale for Vigo IKS

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget vedtek revidert selskapsavtale for Vigo IKS

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 28.11.2019

Avrøysting

Prosjektleiart sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

Fylkestinget vedtek revidert selskapsavtale for Vigo IKS

PS 9/19 Rom- og funksjonsprogram for Fagskolen i Hordaland og Rom- og funksjonsprogram for Laksevåg og Bergen Maritime vidaregåande skule

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 12.11.2019

PS 1/19 vart ikkje behandla. Saka var ved ein feil lagt på sakskartet. Saka var ikkje godkjent av av utvalsleiar for behandling i dette møtet.

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 28.11.2019

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenn dei framlagde rom- og funksjonsprogramma.
2. Fylkestinget godkjenn framlegget om å redusere areal i romprogramma som følgje av sambruk og samlokalisering av skulane.
3. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga vert prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.

Emil Gadolin, A, sette fram slikt tilleggssforslag:

«Tilleggspunkt:

Fylkestinget syner til samarbeidet som er etablert med HVL og fagskulane i Vestland som er omtalt i fråsegn frå styret i fagskulen datert 04.11. 2019 og vedtak i fylkesutvalet den 20.06.2019.

Fylkestinget ber administrasjonen ta initiativ til å utgreia nye samarbeidsløysingar mellom HVL og fagskulane i Vestland fylkeskommune som kan medverka til å styrkja fagskuletilbodet og gje kostnadseffektive løysingar på investeringar og drift.»

Avrøysting

Prosjektleiart sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.
Emil Gadolin sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget godkjenn dei framlagde rom- og funksjonsprogramma.

2. Fylkestinget godkjenner framlegget om å redusere areal i romprogramma som følgje av sambruk og samlokalisering av skulane.
3. Vidare prosjektgjennomføring føreset at utbygginga vert prioritert i investeringsprogrammet i økonomiplanen.

Fylkestinget syner til samarbeidet som er etablert med HVL og fagskulane i Vestland som er omtalt i fråsegn frå styret i fagskulen datert 04.11. 2019 og vedtak i fylkesutvalet den 20.06.2019. Fylkestinget ber administrasjonen ta initiativ til å utgreia nye samarbeidsløysingar mellom HVL og fagskulane i Vestland fylkeskommune som kan medverka til å styrkja fagskuletilbodet og gje kostnadseffektive løysingar på investeringar og drift.

PS 10/19 Fritt skuleval - høyring om forslag til endringar i forskrift til opplæringslova kapittel 6

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget stiller seg positiv til framlegg om fritt skuleval som prinsipp for inntak til vidaregåande opplæring med dei kommentarar som går fram av høyringssvaret.
2. Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg om at alternativ 1 bør leggjast til grunn for den nye forskrifta i opplæringslova: «Fylkeskommunen skal innføre fritt skuleval i heile fylket eller fritt skuleval innanfor fastsette inntaksområde i fylket.»

Saksprotokoll i hovudutval for opplæring og kompetanse - 28.11.2019

Åsmund Berthelsen, SV, sette fram slikt forslag på vegner av SV, A, SP, KrF og MDG:

1. «Vestland fylkesting støttar ikkje framlegget til endringar i forskrift til opplæringslova kapittel 6. Fylkeskommunen har ansvaret for vidaregåande opplæring og meiner difor at det framleis skal vere fylkeskommunen sjølv vedtek inntaksordning for vidaregåande opplæring. Framlegget frå departementet er eit direkte inngrep i det lokale og regionale sjølvstyret og går på tvers regionreforma om å desentralisere makt og mynde til fylkeskommunen. Uavhengig av kor ein står i spørsmål om inntaksordningar til dei vidaregåande skulane er det likevel eit klårt ynskje om at fylkeskommunen sjølv skal styre dette utan ytterlegare detaljstyring frå nasjonale styresmakter.
2. Vestland fylkeskommune meiner at alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur, samstundes som ein også kan søkje på andre skular dersom ein ønskjer det. Vestland fylkeskommune har starta å vurdere ulike inntaksmodellar og har difor sendt sak om dette på høyring. Målet med vurderinga og høyringa er å gjere inntaket meir rettferdig, både gjennom å sikre eit godt tilbod i distrikta, meir mangfald i byskulane, framleis valfridom og meir tryggleik for elvar som i dag er uroa for reiseveg. Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert. I vurderinga vil fylkeskommunen sjå til andre fylkeskommunar sine inntaksmodellar.
3. Om det likevel vert vedteke å ta frå fylkeskommunen retten til å avgjere inntaksområde går Vestland fylkesting inn for modell 1 i framlegget frå departementet, med høve til å ha såkalla fritt skuleval innafør fastsett inntaksmodell i fylket.
4. Kommentrar til høyringa som kjem fram i saksutgreiinga vert ikkje vedteke eller oversendt.»

Avrøysting

Forslaget til Åsmund Berthelsen med fleire, vart vedteke mot prosjektleiar sitt forslag som fekk 4 røyster (1 FrP og 3 H) og fall.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkesting støttar ikkje framlegget til endringar i forskrift til opplæringslova kapittel 6. Fylkeskommunen har ansvaret for vidaregåande opplæring og meiner difor at det framleis skal vere fylkeskommunen sjølv vedtek inntaksordning for vidaregåande opplæring. Framlegget frå departementet er eit direkte inngrep i det lokale og regionale sjølvstyret og går på tvers regionreforma om å desentralisere makt og mynde til fylkeskommunen. Uavhengig av kor ein står i spørsmål om inntaksordningar til dei vidaregåande skulane er det likevel eit klårt ynskje om at fylkeskommunen sjølv skal styre dette utan ytterlegare detaljstyring frå nasjonale styresmakter.
2. Vestland fylkeskommune meiner at alle elevar skal ha rett til å gå på ein skule nær der dei bur, samstundes som ein også kan søkje på andre skular dersom ein ønskjer det. Vestland fylkeskommune har starta å vurdere ulike inntaksmodellar og har difor sendt sak om dette på høyring. Målet med vurderinga og høyringa er å gjere inntaket meir rettferdig, både gjennom å sikre eit godt tilbod i distrikta, meir mangfald i byskulane, framleis valfridom og meir tryggleik for elvar som i dag er uroa for reiseveg. Inntaket skal ikkje vere reint karakterbasert. I vurderinga vil fylkeskommunen sjå til andre fylkeskommunar sine inntaksmodellar.
3. Om det likevel vert vedteke å ta frå fylkeskommunen retten til å avgjere inntaksområde går Vestland fylkesting inn for modell 1 i framlegget frå departementet, med høve til å ha såkalla fritt skuleval innafor fastsett inntaksmodell i fylket.
4. Kommenterarar til høyringa som kjem fram i saksutgreiinga vert ikkje vedteke eller oversendt.